



To gongar var Andrea Rice på Dønhaug i fjor og det vart to knallsuksessar! Som i fjor har ho denne gongen med seg Fee Dobbin på kontrabass/bodhran og Michael Chang på fele, men i tillegg denne gongen kjem Geoff Ward på banjo. Dette biletet vart teke under låvedansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag 2. august kjem det irske fyrverkeriet Andrea Rice attende til Dønhaug og Dønhaugkjedlaren. Som i fjor har ho med seg ektemannen Fee Dobbin på kontrabass/bodhran og Michael Chang på fele.

Sjølv trakterar ho akustisk gitar, harpe og fløyte i tillegg til songen. Denne kvelden vil ho i tillegg ha med seg Geoff Ward på banjo. Han kjem direkte frå Irland same dag for å spela saman med ho.

Andrea Rice er blant Irlands beste og mest etterspurde liveartistar, framfor alt på grunn av sine glitrande framføringar av dei beste irske songane gjennom tidene. Og dei er som kjent ikkje få!

Ho har turnert i Noreg kvar sommar dei siste åtte åra. I fjor vitja ho Dønhaug to gonger, og samla fulle hus både på konsert i kjellaren og låvedans. Vi fekk oppleve to fantastiske kveldar med henne, og ho har gjeve uttrykk for at ho ser fram til å vitja Dønhaug igjen og møta det flotte publikummet ho opplevde her.

Det vert ikkje førehandssal av billetter, men gjestene kan bestilla plass på førehand og henta billetter ved inngangen. I fjor kunne dei fylt opp fleire kjellarar, og tingingar til årets konsert er godt i gang.

Vertskapet på Dønhaug kan garantera ei fantastisk musikalsk oppleving for dei som vitjar Dønhaugkjedlaren denne torsdagskvelden.